



MØTEBOK

Tidspunkt: Måndag 22.03.21 kl 1800

Stad: Tingvoll

Desse møtte:

Jarle Nordjordet, Halvor Fehn, Marit Kåsa, Ane Killingtveit

Meldt forfall: Tor Aage Dale (for seint å kalle inn vara)

Andre til stades på møtet:

Sveinung Olsnes, sekretær

Saker til styremøtet:

Sak 07/21: Rjupejakta 2021

Sak 08/21: Reinsjakta 2021

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet

Jarle Nordjordet/s/

Halvor Fehn/s/

Marit Kåsa/s/

Ane Killingtveit/s/

Sak 07/21: Rjupejakta 2021

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Det har ikkje kome fram opplysningar som tilseier at det skal vere nokon store endringar i bestandssituasjonen for rype sidan seiste vedtak. Sakshandsamar tilrår derfor å vidareføre rammene for rjupejakta slik dei vart vedtekne i 2020.

Framlegg til vedtak:

Rauland Fjellstyre opnar for rjupejakt i 2021 med desse avgrensingane:

- Jakttid 1 oktober til 28 februar 2022
- Maks tre ryper pr dag/jeger
- Det seljast 15 vekekort fyrste veke
- Det seljast 15 vekekort andre veke
- Det opnast for sal av 15 dagskort pr dag etter dei to fyrste vekene
- Det leggst ut 4 årskort for sal frå 1 oktober.
- Det skal ikkje nyttast hund under jakt på Rauland SA

Smårovviltkortet vert vidareført som før

Rjupejakta leggst ut for sal 1 april.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 23

Referat:

Innleiing ved sekretær.

Kort ordskifte i saka. Det kom ikkje fram merknader til forslag til vedtak.

Vedtak:

Rauland Fjellstyre opnar for rjupejakt i 2021 med desse avgrensingane:

- Jakttid 1 oktober til 28 februar 2022
- Maks tre ryper pr dag/jeger
- Det seljast 15 vekekort fyrste veke
- Det seljast 15 vekekort andre veke
- Det opnast for sal av 15 dagskort pr dag etter dei to fyrste vekene
- Det leggst ut 4 årskort for sal frå 1 oktober.
- Det skal ikkje nyttast hund under jakt på Rauland SA

Smårovviltkortet vert vidareført som før

Rjupejakta leggst ut for sal 1 april.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 23



Sak 08/21: Reinsjakta 2021

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Signala frå forvaltninga er at det kjem til å verte svært høge kvotar i år. For Rauland SA sin del kan ein forvente ein kvote på 70 vaksne dyr. Det kan og kome kalv på S/U kort og på frie dyr i tillegg.

Dette betyr at ein i år vil få svært mykje kort i omløp og det kan bli vanskeleg å bli kvitt korta. I fjor var det vanskeleg å bli kvitt om lag 60 kort. Dersom ein i tillegg til eigne kort skal bytte inn 10 kort på Ulvikavtala så må det påreknast å selje fleire kort til utanbygds enn det som har vore vanleg. Fjellstyret må då ta stilling til om det skal sleppast inn fleire jegerar enn taket på 10 eller om ein skal selge to kort pr utanbygdsjeger.

Det er og å forvente at det kan ta noko tid før kvoten og type dyr vert fastsett. Dette skaper ei utfordring i høve sal av kort. Kort bør ut på marknaden med vanleg søknadsfrist den 2 mai. Det leggst ut fylgjande korttyper for sal:

Fritt dyr/vaksen bukk (evt med kalv): 2400,- (3000,-)

Simle/Ungdyr (evt med kalv): 1600 (2200,-)

Dobbel pris for utanbygds korta.

Sakshandsamar tilrår å vidareføre andre reglar og ordningar som vedtekne i 2020, men med tilpassingar i høve kva for endringar ein vel å gjennomføre mht utanbygds sal.

Vedtaket frå 2020:

1. det opnast opp for sal av 10% av korta til utanbygds, både innkjøpte og eigne, men maksimalt til 10 utanbygds jegerar. Resten av korta tilbys innanbygds. Dersom alle innanbygds får tilbod og ein har att kort tilbyr ein alle innanbygds eit kort til etter trekkingslista. Dersom det likevel er att kort kan fjellstyret velje å tilby fleire kort til utanbygds, men med øvre grense 15 jegerar. Dette gjerast utan vidare vedtak, men etter diskusjon i styret.
2. Rauland FS vidarefører tidlegare avtale med Ulvik FS om samjakt mot overføring av kort.
3. Sekretær får fullmakt til å kjøpe kort av andre for vidaresal. Føresetnaden er at Fjellstyret tener på dette.
4. Rauland FS ynskjer å vidareføre samjakt med Rauland JF som før.
5. Rauland FS ynskjer å vidareføre samjakt med Berunuten Vest som før.



6. Rauland Fjellstyre ynskjer å fylgje den jakttida som vert sett av Direktorat/nemnd.

7. Det opprettast ein kategori kort på Inatur.no som heiter Fritt dyr/vaksen bukk. Dei som står fyrst på trekkingslista får tildelt fritt dyr så langt det er slike kort og resten vaksen bukk.

8. blir det endringar i kortkategori får kvar jeger tildelt kort i fylgjande prioritert rekkefølge etter trekkingslista: Fritt dyr, Vaksen bukk, Simle/ungdyr m/kalv, Simle/ungdyr, kalv

9. Rauland Fjellstyre vidarefører gratis kort tilsvarande verdien av eit simle/ungdyrkort til fyrstegongsjegerar.

10. Det opnast opp for innslepp av jegerar tilsvarande det ein hadde i 2019. ein person i fjellstyret tek hovudansvar for dette og planlegg for at det ikkje skal bli for stort jakttrykk. Styret har løpande dialog om kva for dato det skal opnast opp for innslepp av andre jegerar.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova §§23 og 24

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Innleiing ved sekretær.

Marit Kaasa: Ynskjer færre utanbygds sidan det no vert fleire innanbygds.

Meiner det er betre å ha kort til overs enn at det vert så mange jegerar i terrenget at det øydelegg jakta for dei som er der. Ynskjer å halde fram med Ulvikavtala og samjakt med Rauland JF og Berunuten vest. Ynsker berre 5 utanbygds og tilby 2 kort til kvar av desse. Ynskjer og at dei utanbygdsjegerane som får kort kan ta med seg framandkort mot å betale 1000,- pr kort.

Jarle Nordjordet: Ynskjer å halde fram med Ulvikavtala og samjaktavtalene.

Meiner ein kan ha 10 utanbygdsjegerar og at dette ikkje er for mange. meiner ein må prøve å selje alle korta og at ein ikkje vil klare det utan fleire utanbygds.

Kan vurdere å selje fleire kort til innanbygds til redusert pris.

Ane Killingtveit: enig med Jarle i hans resonement.

Det vert diskusjon omkring løysing for årets jakt og styret går gjennom punkta i vedtaket frå i fjor. Styret diskuterar prisen på kort og det vert einigheit om at årets kort skal koste 3000,- dersom det vert eit fritt dyr/vaksen bukk pluss kalv. Prisar for andre kategoriar dyr vert som tidlegare vedteke. Styret samlar seg om endringar som i vedtaket.

Vedtak:

1. det opnast opp for sal av 10% av korta til utanbygds, både innkjøpte og eigne, men maksimalt til 5 utanbygds jegerar. Resten av korta tilbys innanbygds. Dersom alle innanbygds får tilbod og ein har att kort tilbyr ein tilleggskort til innanbygds til redusert pris. Prisen pr kort skal då vere 1000,-. Sekretær sender ut felles epost til dei som har teke ut kort og tilbyr ekstra kort. Tildeling av desse etter trekningslista.



2. Rauland FS vidarefører tidlegare avtale med Ulvik FS om samjakt mot overføring av kort.

3. Sekretær får fullmakt til å kjøpe kort av andre for vidareasal. Føresetnaden er at Fjellstyret tener på dette.

4. Rauland FS ynskjer å vidareføre samjakt med Rauland JF som før.

5. Rauland FS ynskjer å vidareføre samjakt med Berunuten Vest som før.

6. Rauland Fjellstyre ynskjer å fylgje den jakttida som vert sett av Direktorat/nemnd.

7. Det opprettast ein kategori kort på Inatur.no som heiter Fritt dyr/vaksen bukk. Dei som står fyrst på trekkingslista får tildelt fritt dyr så langt det er slike kort og resten vaksen bukk.

8. blir det endringar i kortkategori får kvar jeger tildelt kort i fylgjande prioritert rekkefølge etter trekkingslista: Fritt dyr, Vaksen bukk, Simle/ungdyr m/kalv, Simle/ungdyr, kalv

9. Rauland Fjellstyre vidarefører gratis kort tilsvarande verdien av eit simle/ungdyrkort til fyrstegongsjegerar.

10. Jegerar med allmenningsrett på Rauland Statsallmenning kan ta med seg framandkort inn på allmenningen mot å betale 500,- pr jeger. Utanbygds som har fått kort på Rauland SA kan ta med seg framandkort mot å betale 1000,- pr kort. Det opnast ikkje for innslepp av andre jegerar på Rauland SA i 2021.

11. Prisen på eit fritt dyr/vaksen bukk med kalv vert sett til 3000,- jfr tidlegare vedtekne prisar. Pris for tilleggssdyr til innanbygds settast til 1000,-

Vedtaket er gjort med heimel i Fjelleva §§23 og 24

